



Petter Aarli
Flaktveitveien 707
5134 FLAKTVEIT

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3244 - 19/12779

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
24.04.2019

Godkjent endring av løyve - gbnr 81/49 Risøy

Administrativt vedtak. Saknr: 237/19

Tiltakshavar: Petter Aarli
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av gitt løyve til oppføring av naust , jf. løyve til tiltak datert 08.11.2018. Endringa gjeld innsetting av dobbeldør mot vest istadenfor dør på vegg mot sør. Det vert elles vist til søknad motteken 21.03.2019.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 21.03.2019 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Risøy hyttefelt er definert som fritidsbusetnad med tilhøyrande infrastruktur, naust og småbåtanlegg.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå andre

Risøy hyttelag ved formann har tidlegare gjeve samtykke til oppføring av naust. Søkjar er no blitt anbefalt av naboer å sette inn en breiare dør.

Nabovarsel

Det er tidlegare gjeve fritak frå krav om nabovarsling i denne saka.

VURDERING:

Plassering

Gjort greie for i løyvet frå 08.11.2018.



VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 vert det gjeve løyve til endring av tiltak i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:

1. Vilkår i løyve frå 08.11.2018 gjeld framleis.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «18/3244»

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om bygggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakar:

Petter Aarli

Flaktveitveien 707 5134

FLAKTVEIT